



INFOSKRIV- mai 2017

Styremøte

Det var styremøte på kontoret i Rosendal torsdag 11.mai 2017.

Nytt styre er:

Arne Presthus, Ølve - styreleiar
Kjetil Larsgard, Hovet – nestleiar
Svein Hjelmeland, Dimmelsvik
Reidar Stenberg, Hol
Marit Hesvik, Kysnesstrand
Hilde Marie Ro, Uvdal
Tore Gunnar Hjortland, Hatlestrand

Kjetil Larsgard er som nestleiar Landbrukstenester Folgefonna sin ambassadør i krins Øvre Buskerud. Spørsmål eller andre ting som medlemmene i Øvre Buskerud har kan takast direkte opp med han. Ellers så svarer også Arne Presthus som styreleiar på alle spørsmål dersom det skulle vera noko.

Styret har tatt problemstillinga før årsmøtet til etterretning, og ynskjer å ha ein god dialog mellom styret, administrasjon og medlemmer.

Det er viktig å halde beredskapen oppe ved akutthjelp som ved sjukdom, så vi oppfordrar medlemmene til å fortsetje å bruke landbruksvikarane våre til ferie/fritid avløyning.

Gode forsikringsordningar:

Vi vil minne om at medlemmene gjennom Norske Landbrukstenester kan teikne gode forsikringsavtaler. Meir om dette finn de på heimesida til NLT :

<http://www.landbrukstjenester.no/>

Vakttelefonen vår er 990 86 137

Dersom du skulle ha bruk for hjelp utanom kontortid, så ring dette nummeret så skal vi hjelpa deg så godt vi kan!

<http://www.ltfolgefonna.no/>

facebook: Landbrukstenester Folgefonna

Instagram: landbrukstenesterfolgefonna

Landbruksvikar



Kari Træen Øvstebø er tilsett som ny landbruksvikar i 100% stilling frå 01.03.2017. Ho er busett i Dimmelsvik i Kvinnherad, og har overtatt stillinga som Ove Andre Ljostveit hadde.

Ove Andre Ljostveit takka for seg som landbruksvikar etter 4,5 år, og har overteke garden heime frå nyttår av. Vi takkar han for godt samarbeid, og ynskjer han velkommen som nytt medlem.

Utlønning

Til orientering så vil medlemmer som lønnar for inntil kr 100 000,- i året ha eit administrasjonspåslag på 5%.

Medlemmer som lønnar for over kr 100 000,- i året vil ha eit administrasjonspåslag på 4% på det som går over kr 100 000,-

Nye søknadsfristar og nytt søknadsskjema:

Nye søknadsfristar og nytt søknadsskjema for søknad om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid finn de på vår heimeside:

<http://www.ltfolgefonna.no/>